

Mal for emnebeskrivingar ved Universitetet i Bergen

Eit studieprogram inneheld fleire emne. Ei emnebeskriving er ein detaljert plan for eitt av emna i eit studieprogram.

Krav til studiar går fram av *Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning (studietilsynsforskriften)*, NOKUT 2013,

<http://link.uib.no/?21Vcl> . UiBs *Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen* (Studieforskrifta) gir i kapittel 3 reglar for studiestruktur og studieplan: <http://link.uib.no/?YoXx>

UiB si *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia* gir meir rettleiing om ansvar, prosedyrar og krav til oppretting av studieprogram og emne (pkt. 16.1 og 16.4). Sjå <http://www.uib.no/studiekvalitet> .

Studietilsynsforskrifta (NOKUT) seier i § 7-4 at «Delene studiet består av skal utgjøre en samlet helhet i samsvar med læringsutbyttet for studiet», og at de «skal tilfredsstille standarder og kriterier for akkreditering av studier i § 7-1 til § 7-3.»

I tillegg til kategoriane i tabellen nedanfor, skal emnebeskrivinga innehalde følgjande informasjon: dato for godkjenning, dato for eventuelle justeringar, namn på instans som har godkjent beskrivinga, dato for førre evaluering og neste planlagde evaluering av emnet. Denne informasjonen skal stå på forsida til planen. Forsidemal finn ein sist i dette dokumentet.

Eventuelt forslag til tekst står i kursiv i kolonnen «Tekst». Rettleiing og nokre døme finn ein i kolonnen til høgre. Den må fjernast før emnebeskrivinga vert send til programstyre, institutt og fakultet.

Hugs å bruke engelsk der undervisningsspråket er engelsk.

Kategori	Infotype	Tekst	Rettleiing og døme
Emnekode		FRAN121	
Namn på emnet, nynorsk		Fransk grammatikk 2	
Namn på emnet, bokmål			
Namn på emnet, engelsk			

Studiepoeng, omfang ECTS Credits	EB_POENG	Emnet FRAN121 har eit omfang på 10 studiepoeng.	<u>Døme:</u> <i>Emnet X har et omfang på 30 studiepoeng og er normert til eitt semesters fulltidsstudium.</i>
Studienivå (studiesyklus) Level of Study	EB_NIVA	Bachelor	Bachelor/Master/Ph.d.
Fulltid/deltid Full-time/Part-time	EB_FULLDEL	Fulltid	Til dømes kan eit studieemne normert til eitt semester leggjast til rette for å gjennomførast på 2 semester. Det er då eit deltidsstudium med 50% studieprogresjon.
Undervisningsspråk	EB_SPRAK	Norsk	
Undervisningssemester Semester of Instruction	EB_UNDSEM	Vår	<u>Døme:</u> <i>Haust.</i> <i>Vår.</i> <i>Haust og/eller vår.</i>
Undervisningsstad Place of Instruction	EB_UNDSTED	Bergen	Skal fyllast ut dersom undervisninga ikkje er ved UiB, i Bergen.

Mål og innhald Objectives and Content	EB_INNHOLD	Emnet byggjer på FRAN120, og har som mål å gje kunnskap om fransk språkstruktur, særlig innan syntaks. Det skal har òg som mål styrkje studentane sitt språkvitskapleg omgrepsapparat. Emnet skal vera med på å øva opp evna hjå studentane til å uttrykkja seg på standardfransk, gjennom omsetjingsøvinger som belyser kontrastar mellom norsk og fransk. Studiet tar opp tema som tempus og modus, adverbial, setningar og leddsetningar, infinitte strukturar, og informasjonsstruktur. Mål: Emnet har som mål å ... Emnet ... skal formidle forståing for: ... Innhald:	Om innhald: Gi ei kort oversikt over faginnhaldet
--	-------------------	---	---

Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory Assignments and Attendance	EB_OBLIGAT	Emnet omfattar to obligatoriske øvingsoppgåver med omfang og innhald omlag som ved ein eksamen. Oppgåvene er obligatoriske for alle studentar på emnet, og for å få gå opp til eksamen må studenten ha levert dei obligatoriske øvingsoppgåvene innan fastsette fristar. Fristane vert kunngjort seinast ved undervisningsstart for emnet. Kvar oppgåve vert kunngjort ei veke før fristen. Øvingsoppgåvene er gyldige i det semesteret dei er levert inn og i det påfølgjande semesteret.	Her registrerer ein både krav om obligatorisk frammøte og obligatoriske arbeidskrav. NB! Ein brukar omgrepet «godkjent» for å registrere at krava er oppfylte.
Vurderingsformer Forms of Assessment	EB_VURDERI	<i>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</i> <i>Eksamen er ein 4 timars skriftleg skoleeksamen der studenten skal svara på norsk (eventuelt eit anna skandinavisk språk). Eksamen er normalt digital.</i> For å få gå opp til eksamen må studentane ha levert to obligatoriske øvingsoppgåver; jf. ovanfor. Eksamensoppgåvene trekkjer inn store deler av pensumet. Det vert gjeve teoretiske spørsmål og praktiske prøver, inkl. syntaktisk analyse.	Gi ei oversikt over vurderingsformene som blir brukte for å vurdere om læringsutbyttet er oppnådd. Vis gjerne til dei læringsutbyta som vurderings-formene skal vurdere oppnåinga av. Ta med faktainformasjon som er viktig for studenten, mellom anna om varigheit, vekting av dei ulike vurderingsdelane i høve til kvarandre, og elles ulike krav eller ordningar som gjeld her.
Hjelpemiddel til eksamen Examination Support Material	EB_HJELPEM	<i>Studentane kan nytta eittspråkleg (fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk) ordbok godkjend av instituttet.</i>	Skal fyllast ut der det er aktuelt.

Karakterskala Grading Scale	EB_K-SKALA	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.	Det finst to karakterskalaer: • «bestått» / «ikkje bestått» • Bokstavkarakterar med skalaen A, B, C, D, E, F Jf. Universitets- og høgskolerådet: http://www.uhr.no/ressurser/temasider/karaktersystemet_1/tekst_som_beskriver_det_norske_karaktersystemet
Vurderingssemester Assessment Semester	EB_EKSSEM	Vår/haust	Skriv ”haust/vår” dersom det er tilbod om vurdering i båe semestra.
Litteraturliste Reading List	EB_LEREM	<i>Pensum er ein større fransk grammatikk skriven på eit skandinavisk språk med hovudvekt på morfologi og syntaks. Læreboka er skriven i eit kontrastivt perspektiv: det blir lagt stor vekt på skilnader mellom norsk og fransk for å gjera tileigninga av framandspråket lettare.</i> Som læremiddel brukar ein også øvingar i grammatikk som studentane kan arbeida sjølvstendig med på internett. <i>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.01. for vårsemesteret.</i>	NB! Litteraturlista ligg ikkje inne i sjølve emnebeskrivinga, noko som gjer at ho kan endrast utan emnebeskrivinga vert endra. Men ho <u>skal</u>, slik det står i tekstfeltet, vere lagd inn i MittUiB før 1. juni for haustsemesteret og før 1. januar for vårsemesteret. Litteraturlista bør skilje tydeleg mellom kjernelitteratur og eventuell annan tilrådd litteratur. Lista kan òg gje eit oversyn over ulike former for digitale læringsressursar og verkty som skal brukast.
Emneevaluering Course Evaluation	EB_EVALUER	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.	Kor ofte skal emnet evaluerast?
Programansvarleg Course Coordinator	EB_PROGANS	<i>Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.</i>	Dersom fakultetet brukar ei anna nemning for programstyre, set ein inn den nemninga.
Emneansvarleg	EB_EMNANSV		

Administrativt ansvarleg Course Administrator	EB_ADMANSV	<i>.... fakultet ... v/ institutt ... har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</i>	
Kontaktinformasjon Contact Information	EB_KONTAKT	Studierettleiar kan kontaktast her: <u>Studierettleiar@xx-uib.no</u> Tlf 55 58 xx xx	

Mal for forside til emnebeskrivingar ved UiB:

Emnebeskriving for (*Namn på emnet, nynorsk*)

..... (*Navn på emnet,, bokmål*)

..... (*Name of the course, English*)

Godkjenning:

Emnebeskrivinga er godkjend av (Fakultetet brukar nemningar for godkjenningsorgan i samsvar med eigen praksis.):

Programstyret:(dd.mm.år)

Institutt for :(dd.mm.år)

..... fakultet:(dd.mm.år)

Emnebeskrivinga vart justert:(dd.mm.år) av

Evaluering:

Emnet vart sist evaluert:(dd.mm.år)

Neste planlagde evaluering:(dd.mm.år)